



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Forvaltningsplan for Vetlefjordsøyra naturreservat

Framlegg





FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
 Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
 Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
 Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
 Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no Internett: <http://www.fmsf.no>

Framsidedfoto: Øvst Vettlefjordsøyra, nedst gråhegre i naturreservatet. Foto: Tom Dybwad

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr.
Forfatter Tom Dybwad	Dato juli 2014
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetal 38 (med vedlegg)
Tittel Forvaltningsplan for Vetlefjordsøyra naturreservat i Balestrand kommune	ISBN ISSN
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
<p>Samandrag</p> <p>Vetlefjordsøyra naturreservat i Balestrand kommune vart oppretta 20.12.1991 som ein del av verneplan for våtmark i Sogn og Fjordane.</p> <p>Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til deltaområdet som naturtype (geomorfologisk og med rikt utvikla strandeng) og området sin verdi for våtmarksfugl i trekktida. Vetlefjordsøyra er truleg er det mest intakte større elvedeltaområdet i Sogn og Fjordane. Til saman er 50 fugleartar registrerte i reservatet. Om lag 35 av desse er våtmarksartar. Særleg viktig er Vetlefjordsøyra som trekkhabitat for våtmarksfugl.</p> <p>Dei største trugsmåla mot verneverdiane i naturreservatet er inngrep, ferdsel og svartelista planteartar.</p> <p>Formålet med forvaltningsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vere eit hjelpemiddel til å realisere formålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneverdiane i naturreservatet • Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området • Gje grunneigarane og ålmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet • Definere bevaringsmål for naturreservatet <p>Bevaringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta vare verneområdet sin verdi som trekklokalitet for våtmarksfugl • Ta vare på verneområdet sin verdi som hekkelokalitet • Verneområdet skal heldast fritt for framande, svartelista dyr og plantar <p>Prioriterte tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Langsiktig overvaking av naturtilstanden i reservatet gjennom bruk av bevaringsmål og oppsyn • Kartlegging av vegetasjon og fugleliv • Oppfølging av skjøtsel • Regelmessig fjerning av boss • Oppsetting informasjonstavle på høveleg stad • Endring av verneforskrift (sjå følgjebrev til forvaltningsplanen) 	
Emneord Naturvern, forvaltningsplan, våtmark, fugl	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Forord

Vetlefjordsøyra naturreservat er eit av 19 våtmarksreservat i Sogn og Fjordane som vart verna ved kgl. res. 20.12.1991. Artsmangfald av fugl var hovudkriterium for registrering og prioritering av aktuelle lokalitetar. I røynda har mange av områda også stor verdi for sjeldsynte plantesamfunn, elvedelta og liknande interessante og truga landformer og økosystem.

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan vart sendt ut 23.09.2013.

I samband med oppstartmeldinga for forvaltningsplanen vart det halde møte med grunneigarane 13.12.2013, og synfaring 31.03.2014.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for alle våtmarksreservata i fylket. Planen er utarbeidd av seniorrådgivar Tom Dybwad. Anne Rudsengen i Statens naturoppsyn har bidrege undervegs. Møte og synfaring saman med grunneigarane har gjeve både ny kunnskap og mange innspel til forvaltningsplanen.

NB! Vi gjer særleg merksame på at Fylkesmannen i samband med høyring av forvaltningsplanen også sender på høyring eit framlegg om nokre mindre endringar i verneforskrifta. Det gjeld eit nytt pkt V, 8 som gjer det lovleg å ferdast med båt frå ein kai og eit naust som ligg inneklemt av naturreservatet i høve til den ikkje verna delen av Vetlefjorden, dvs ein må gjennom naturreservatet for å kome ut på fjorden (sjå kap. 3.4 og vedlagd verneforskrift). På grunn av uklar ordbruk i pkt. V, 7 gjer vi òg framlegg om å endra ordlyden her, utan at dette endrar innhaldet (sjå vedlagd verneforskrift).

Leikanger juli 2014

Nils Erling Yndesdal (sign.)

Fylkesmiljøvernsjef

Innhald

1. Innleiing
 - 1.1. Bakgrunn
 - 1.2. Vern som naturreservat
 - 1.3. Mål for forvaltningsplanen
 - 1.4. Mål for forvaltninga av Vetlefjordsøyra naturreservat
 - 1.5. Forvaltningsstyresmakt
2. Områdeskildring
 - 2.1. Lokalisering, eigedom og klima
 - 2.2. Brukshistorie og inngrep
 - 2.3. Geologi
 - 2.4. Flora
 - 2.5. Fugleliv og dyreliv
 - 2.6. Verneverdiar
3. Brukarinteresser
 - 3.1. Landbruk og beiting
 - 3.2. Motorferdsel
 - 3.3. Inngrep
 - 3.4. Ferdsel (ikkje motorisert)
 - 3.5. Jakt og fiske
 - 3.6. Informasjon
 - 3.7. Sjøppel og avfall
4. Bevaringsmål
5. Forvaltning og oppspyn
 - 5.1. Forvaltning
 - 5.2. Oppsyn
 - 5.3. Behov for framtidige undersøkingar
6. Sakshandsaming
 - 6.1. Verneforskrifta
 - 6.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader
7. Litteratur/referansar

Vedlegg 1: Verneforskrifta for Vetlefjordsøyra naturreservat


Vedlegg 2: Kart over Vetlefjordsøyra naturreservat til kgl.res. 20.12.1991

Vedlegg 3: Fugleregistreringar på 1980-talet og seinare

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Vetlefjordsøyra naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon 20.12.1991. Verneområdet ligg inst i Vetlefjorden i Balestrand kommune, og utgjer eit areal på 172 da, av dette vert 57 da rekna som landareal.



Kart over Vetlefjordsøyra naturreservat. Kjelde: Fylkesatlas for Sogn og Fjordane

Formålet med vernet av Vetlefjordsøyra er omtalt i § 3 i verneforskrifta:

«Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til deltaområdet som naturtype (geomorfologisk og med rikt utvikla strandeng) og området sin verdi for våtmarksfugl i trekktida.»

Grensa for naturreservatet er merkt med merke i dei fleste knekkpunkta for grensa (pkt. 1 og 6 er ikkje merkte).



Grensemerke i grensepunkt 4, aust for Storelvi. Foto: Tom Dybwad

1.2. Vern som naturreservat

Sjølv om Vetlefjordsøyra naturreservat vart oppretta i medhald av naturvernlova av 1970, er det naturmangfaldlova av 2009 som no gjeld i spørsmål kring naturreservatet. Naturmangfaldlova har ei generell omtale av naturreservat i § 37:

”Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) Inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) Representerer en bestemt type natur,*
- c) På annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) Utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) Har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservatet der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomiske godtgjørelse til private som bidrar til området skjøtsel.”

1.3. Mål for forvaltningsplanen

Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje formålet med vernet. Forvaltningsplanen skal sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer som konkretiserer verneforskrifta.

Mål for forvaltningsplan (frå Forvaltningshandboka, kap. 5 (DN handbok 17-2001))

Ein forvaltningsplan skal:

- *Presisere og utdjupe verneføremålet i verneforskrifta*
- *Dokumentere tilstand for natur, kulturminne, kulturmiljø og brukarinteresser*
- *Definere forvaltningsmål og bevaringsmål for naturkvalitetar og brukarinteresser*
- *Definere naudsynte og/eller ønskte tiltak*
- *Gje ein oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og mynde*
- *Gje retningsline for dispensasjonspraksis og bruk av verneområdet*
- *Gje rutinar for handsaming av saker etter verneforskrifta*

Hovudformålet med forvaltningsplanen er å gje ei oversikt over tilstand og utfordringar i Vetlefjordsøyra naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane.

Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltningsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltningsstyremakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gje allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje egne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneformålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltningsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Vetlefjordsøyra naturreservat og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtelsesplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsplanen kan likevel vere juridisk bindande der reglar i verneforskrifta viser direkte til forvaltningsplanen. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservatet, og tek i samråd med Fylkesmannen også på seg skjøtelsesarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar vert reviderte minst kvart 10. år, men dette er avhengig av behovet.

Det kan bli behov for å revidere målsetting (bevaringsmål) og tiltaksplan med kortare mellomrom enn 10 år. Bruken av bevaringsmål er nytt i forvaltninga, og det kan difor bli naudsynt å justere

bevaringsmål etter kvart som kunnskapen om naturverdiane i området aukar. Forvaltningsstyresmakta tek difor atterhald om at bevaringsmål og tiltaksplan kan bli revidert ved behov.

Definisjonar (frå Forvaltningshandboka, kap. 5 (DN handbok 17-2001))

Naturkvalitet

Naturkvalitet er naturtyper, arter, geologi og landskap som skal bevares i et verneområde. Ett verneområde kan ha en eller flere naturkvaliteter som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetene framgår gjerne direkte av det overordnede verneformålet. I tillegg kan det være nødvendig å definere naturkvaliteter ut over verneformålet. Dette vil være aktuelt i verneområder der verneformålene er for generelle og for vage med tanke på naturkvalitetene. Ny kunnskap om f.eks. biologisk mangfold kan også ha kommet til etter at vernet ble etablert og verneformålet formulert.

Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv, jf. kap. 5.7.4

1.4. Mål for forvaltninga av Vetlefjordsøyra naturreservat

Forvaltningsstyresmakta sine mål for Vetlefjordsøyra naturreservat:

- Ivareta verneformålet
- Oppretthalde gode trekk- og hekkehabitat (-område) for dei ulike artane av våtmarksfugl, med særleg vekt på området sin funksjon som trekkområde
- Sjå til at ferdselsforbodet i hekketida blir etterlevd
- Ingen framande høgrisiko-arter i verneområdet
- Ivareta området som eit intakt elvedelta
- Imøtekome dei brukarinteressene som ikkje kjem i strid med verneformålet og målsettingane som er nemnde over

1.5. Forvaltningstyresmakt

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for forvaltninga av naturreservatet, og Statens naturoppsyn har ansvar for oppsynet.

2. Områdeskildring

2.1. Lokalisering, eigedom og klima

Vetlefjordsøyra naturreservat ligg inst i Vetlefjorden i Balestrand kommune, med ei høgde på 0 – 3 moh. Totalarealet er ca. 172 da, av dette er ca. 57 da landareal. Vetlefjordsøyra er eit elvedelta som ligg ved utløpet av Vetlefjordselvi (Storelvi) i botnen av Vetlefjorden, ein sidefjord til Sognefjorden.

Kartreferanse: UTM 32 V 0369245 6798762

Eigedomar: 27/1, 33/1, sameige

Næraste meteorologiske stasjon ligg i Balestrand, som har ein årleg middeltemperatur på 6,6⁰ Celsius og gjennomsnittleg årsnedbør på 1370 mm.

2.2. Brukshistorie og inngrep

Vetlefjordsøyra er eitt av svært få marine delta som ikkje er nedbygde eller øydelagde på annan måte i Sogn og Fjordane, og er truleg det best bevarte i fylket. At deltaet er geomorfologisk intakt (dvs. intakt som landform), er eit særstykke blant brakkvassdelta i fylket. Det vert m.a.o. rekna som intakt sjølv om det er gjennomført kraftutbygging (i Vetlefjordselvi (Storelvi)) og vegbygging i deltaet, inngrep som gjev visse avvik frå natursituasjonen og som endrar miljøfaktorar som er med på skape dynamikken i deltaet. Dei inste delane av deltaet er oppdyrka, og det er utført ein del drenering og kanalisering; for det meste utanfor naturreservatet. Berre eit lite område innanfor naturreservatet (på gnr/bnr 27/1) på vestsida av Vetlefjordselvi er oppdyrka. Etter 1959 er ikkje områda aust for Storelvi slått /stelt. Områda vest for Storelvi vert beita av sau.

Også Eikelvi har noko forbygging, vest for elva.



Utløpet av Eikelvi med forbygging på vestsida. Foto: Tom Dybwad

Fv 5, som også er utpekt som Nasjonal Turistveg, går gjennom dei nordvestlege delane av deltaet. Vegen, som går over Gaularfjellet til Gaular kommune, er stengd om vinteren. Ein kommuneveg går like utanfor naturreservatet på austsida. Både Fv 5 og kommunevegen har steinutfylling i grensa for naturreservatet.



Fylkesveg 5 og vegfylling mot sjøen i grensa for naturreservatet, sett mot sør. Foto: Tom Dybwad

Både fjorden og dalføret er omkransa av høge fjell.

Det er ingen bygningar i naturreservatet. Veltefjordelvi og Eikelvi har forbygging og med det kanalisering av elva. Det er fleire beitegjerde i området. Ei lågspentline(?) med trestolpar kryssar naturreservatet.

Sjølv om også Vetlefjordsøyra er noko påverka av menneskelege inngrep, er verneverdiane i dag neppe vesentleg truga. Ferdseisforbod i hekketida skal sikre at fuglane får fred, og det verkar ikkje som uroing er noko nemnande problem i dag.

2.3. Geologi

Nedslagsfeltet har berggrunn av grunnfjell, og ulike typar gneiss og gneisgranitt dominerer. Topografien er prega av den is-eroderte dalen som skjer seg inn i eit alpint landskap prega av bre-

erosjon. Øvst i nedslagsfeltet er det mindre isbrear (Jostefonni) som "produserer" bre-slam til vassdraget. Lausmassedekninga er sparsam, men i dalsidene er det skredmateriale og noko morene nedst i liene. Marin grense ligg truleg på ca. 115 moh. i området. Storelvi har i nedre løp eit klart samla løp som slyngjer seg gjennom dalen, og det er avsett ei dalgylling/elveslette langs elva. Deltaet er intakt i fronten der det er har ein oppflika vasskontur med mange spor etter tidlegare løp over deltaflata. Det vert avsett botntransportert materiale og også suspensjonstransportert finmateriale frå bre-områda. Elva er blakka av finmateriale (silt, leir) om sommaren.

2.4. Flora

Vetlefjorddeltaet har eit spekter av substrat-typar, frå småstein og grus til leire, og eit naturleg mangfald av plantesamfunn og soneringar tilpassa ulike delar og nivå av deltaet (Anders Lundberg, in prep.). Opphopping av tang i strandlina gjev grobotn for nitrogenelskande samfunn av m.a. gåsemure. Pionersamfunn av fjøresivaks og strandkryp dannar eit 1-5 m breitt belte. Lenger oppe finn ein saltsiv-strandkryp-samfunn der jåblom inngår. Raudsvingel er dominerande art i veldrenert strandeng, medan krypsiv dominerer i våtare søkk. Stader med stor ferskvasspåverknad har rustsivaks, knopparve, pusleblom og strandstjernemose. Den austlege delen av deltaet har frodige samfunn av strandrøyr, takrøyr, flaskestorr, mjørdurt og gulldusk.

Det er lite trevegetasjon langs elvekanten, men ytre delar av deltaet har naturleg strandeng langs elveløpa.

Med tanke på landbruk kan deltaet skildrast som eit område med fulldyrka grasareal i indre delar (areal som kan slåast med fôrhaustar), mykje beitemark, og dessutan ville strandenger i ytre delar.


2.5. Fugleliv og anna dyreliv

Det er registrert om lag 35 artar av våtmarksfugl i området; det meste registrert av Gunnar Godø før naturreservatet vart oppretta. Deltaet har ein viktig funksjon for fleire artar av ande- og vadefugl i trekketidene, særleg under vårtrekket og i tida før hekkelokalitetane i høgareliggjande område er isfrie om våren. Av meir sjeldsynte artar i Indre Sogn som er observerte i Vetlefjordsøyra kan nemnast: Grågås, songsvane, gravand, brunnakke, toppand, laksand, sothøne, gluttsnipe og brushane. Stokkand, tjeld, vipe og raudstilk er dei vanlegaste artane. Andre artar er ikkje særleg talrike i området. Alle dei vanlege måsefuglane er observerte.

Det er ikkje gjort tilsvarende systematiske registreringar av fuglelivet på Vetlefjordsøyra i seinare år.

Ein mindre koloni av makrellterne og hekkefunn av hettemåse er av særleg interesse. Flokkar med ungfuglar, særleg dei store måsane, er ofte talrike i området. I alt er det registrert 50 fugleartar i våtmarksreservatet.

Grunneigarane opplyser at mink har om lag same bestand som før. Oter har hatt ein auke, og nise ser ein mest kvar dag. Grunneigarane meiner også at det er blitt meir og meir kobbe i Vetlefjorden.



Fugleliv ved utløpet av Storelvi mars 2014. Foto: Tom Dybwad

2.6. Verneverdiar

Sjølv om Vetlefjordsøyra er ein nokså avgrensa og liten biotop, er deltaet likevel av vesentleg verdi for fleire artar av våtmarksfugl, særleg før høgareliggjande hekkeplassar vert isfrie. Området er såleis vurdert til å vere av regional verneverdi, også fordi Vetlefjordsøyra truleg er det mest intakte større elvedeltaområdet i Sogn og Fjordane.

3. Brukarinteresser

3.1. Landbruk og beiting

Beiting i naturreservatet treng løyve etter verneforskrifta. Det har dei siste åra vore mellom 20 og 40 sau som er på beite om sommaren, saman med opptil 2 hestar. Tidlegare var det også kyr. Alle beitedyra går på området vest for Storelvi. Kwart år blir gjerdet sett i stand før beitinga tek til, og beitegjerdet er heilt naudsynt for at beiting kan gjennomførast. Det er ein nabo som paktar areala på 27/1 og har beitedyr her no. Noverande løyve til beiting gjeld t.o.m. 2016, og Fylkesmannen vil sjå til at det blir gjort undersøkingar av korleis beitinga påverkar vegetasjonen i området.




Sau på beite i Vetlefjordsøyra naturreservat. Foto: Tom Dybwad

Områda aust for Storelvi vart i si tid nytta til slått av «sjøgras», noko som vart sist gjort i 1959. Det er også mange år sidan dette området vart beita.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for «*Jordbruksdrift på eksisterande fulldyrka jord (jfr. økonomisk kart A5 077-5-1 etter fotogram år 1972) medrekna pløying og bruk av kunstgjødse*» (verneforskrifta pkt.V.3). Formuleringa siktar til eit areal på ca. 2,5 da som er med i naturreservatet i nord, vest for Vetlefjordelvi på gnr/bnr 27/1, og som på det nemnde kartet (sjå nedanfor) er synt som fulldyrka mark (Notahustangen).

Sjølv om dette kan slåast med fôrhauster, er det i følge grunneigarane ingen areal som i dag vert slått innanfor naturreservat, dvs. det er berre areal utanfor som vert slått no.



Utsnitt av vernekartet som og syner avgrensing av fulldyrka mark på økonomisk kartverk



Utsyn frå vegbrua ved Eiken mot Notahustangen. Foto: Tom Dybwad

Vedlikehald av eksisterande grøfter som drenerer til tilgrensande jordbruksareal er tillate, men då i samråd med Fylkesmannen på førehand (verneforskrifta pkt. V, 4).

I samband med utarbeiding av elvedeltabasen vart det tilrådd følgjande (sitat): «*Kraftig storfebeiting kombinert med bruk av kunstgjødsel har ført til oppsprekking av plantedekket og erosjon i jordsmonnet (Anders Lundberg, in prep.), og at trivielle beiteplantar fortrengr dei naturlege strandeng-artane. Moderat beiting er derimot positivt ved å halde ved like dei lågvaksne strandeng-samfunna, og i den delen som er naturreservat vert dette lagt til grunn for forvaltninga (beiting med tilmålt dyretettleik)*». Ved at det dei siste åra berre har beita sau i området, og dette omfanget ikkje er større enn det er, er problemstillinga som er trekt opp i elvedeltabasen ikkje aktuell i dag.

Særleg aust for Storelvi er området i ferd med å gro att med buskar og tre. Tidlegare vart det både slått og beita her, men området har ikkje vore slått sidan 1959, og det går ingen beitedyr her no. Fagleg sett er det fleire sider å sjå denne utviklinga frå. Attgroinga kan gje mindre nærings- og hekkeareal for ein del våtmarksfugl, og interessante planteartar frå lågvaksne strandenger kan forsvinne. På den andre sida fører attgroinga til at det vert utvikla andre naturtypar, prega av høgvaksten vegetasjon, buskar og tre, som gjev levestader for andre livsformer enn dei lågvaksne strandengene. I eit verna deltaområde har også utvikling av naturleg deltavegetasjon, med soneringar frå open strand til skog, ein eigenverdi. Med ei slik arealdifferensiering innanfor verneområdet vil ein truleg også oppnå eit større artsmangfald i naturreservatet, totalt sett.

Så pass lenge som austsida har lege utan aktiv skjøtsel no, er det sannsynleg at dei mest skjøtelsavhengige artane allereie har forsvunne, medan nye skjøtselstiltak kan vere til skade for artar som har tilpassa seg situasjonen slik han har vore i seinare år. Fylkesmannen ønskjer difor ikkje å opne for beiting eller andre skjøtselstiltak på austsida utan nærare undersøkingar og vurderingar. Viktige spørsmål i så måte er m.a.:

- Er dei beita strandengene vest for Storelvi tilstrekkeleg store til å ta vare på dei karakteristiske soneringane av lågvaksen strandvegetasjon, og artsmangfaldet av plantar som høyrer til?
- Er areala av lågvaksen (beita) strandengvegetasjon i Vetlefjordøyra i dag ein minimumsfaktor for funksjonen som området har som trekk- og hekkelokalitet for våtmarksfugl?
- Finst det i naturreservatet planter (eller andre artar) som i dag er avgrensa til austsida av elva, og som er truga i dag eller dersom suksesjonane får gå sin gang?
- Finst det på austsida av elva fuglar, plantar eller andre artar som ikkje er funne på vestsida og/eller som trivst best med noverande attgroing eller framtidige klimaks-vegetasjonssamfunn? I kva grad vil ei fri utvikling av vegetasjonen på heile eller delar av austsida av elva i framtida ventast å tilføre naturreservatet artar eller andre naturverdiar som ikkje er til stades i dag?



Attgroing aust for Vetlefjordelvi. Foto: Tom Dybwad

På synfaring 31.03.2014 med grunneigarane var følgjande moment framme:

- for landskapsbiletet og fuglane kan det vere ei føremon om buskar i området aust for Vetlefjordselvi vert fjerna.
- naturleg vegetasjon i eit elvedelta av naturfagleg verdi, spesielt i eit verneområde, og området aust for elva kan fungere som eit referanseområde for naturleg fordeling av flaummarkskog og/eller strandvegetasjon mot fjorden med saltvatn.
- kantvegetasjonen langs elva og dei større trea bør uansett stå (i tråd med retningslinjer for vassdragsforvaltning)
- mykje av den kortvakse vegetasjonen i området er i ferd med å gro att av buskar og tre.
- slått av delar av området aust for elva kan vere aktuelt år om anna, dersom dette er det beste for fuglelivet.

For å få eit kunnskapsgrunnlag for å kunne avgjere kva for skjøtsel som vil vere den beste, ikkje minst på austsida av Vetlefjordselvi, vil Fylkesmannen vil få gjennomført registreringar av vegetasjonen i naturreservatet, saman med registreringar av fuglelivet.

Retningslinjer og tiltak:

Området vest for Vetlefjordelvi vert halde ope og skjøtta som kulturlandskap gjennom beiting, og slått på eit mindre område (jf øk. kartverk) dersom grunneigar ønskjer det, for å skape gode tilhøve for våtmarksfugl og anna naturmangfald knytt til lågvaksne strandensamfunn.

Fylkesmannen vil få gjennomført undersøkingar av vegetasjon og fugleliv (gjerne også andre artsgrupper) i Vetlefjordsøyra naturreservat på både sider av Vetlefjordselvi, slik at ein får ei oversikt over effekten av beiting i høve til område utan beiting.

Nærare retningslinjer om skjøtsel vil bli diskutert med grunneigarane etter at registreringar av vegetasjon og fuglelivet er gjennomført før avgjerd om framtidig skjøtsel vert teken.

3.2. Motorferdsel

Det er eit mål å halde omfanget av motorferdsel i naturreservatet på eit så lågt nivå som mogleg.

I verneforskrifta er det ikkje sagt noko om kva slags landbruksmaskin, berre at motorferdsel skal vere i næring. Viktigast er likevel traktor, men det kan vere ATV- 4-hjuling, gjerne i samband med reparasjon/vedlikehald av gjerde og utkøyring av gjødsel. Omfanget av motorferdsel er i alt lite. Verneforskrifta viser og til at det er grunneigar som har rett til å køyre i næring.

Dersom andre enn grunneigarane skal køyre, t.d. i samband med beiting, må det skje etter avtale mellom grunneigar og utøvar. Dette må meldast til Fylkesmannen pr. tlf. eller e-post på førehand, dvs. at avtalen med andre som utførar skal inngåast på førehand.

Det er lov å bruke motorbåt i naturreservatet i samband med fiske. Framlegget til endring i ordlyd i pkt. V, 7 vil gjere dette tydelegare.

Slik grensene er trekte i dag, er det reint formelt ulovleg å ferdast med båt frå ein kai og eit naust som ligg inneklemt av naturreservatet i høve til den ikkje verna delen av Vetlefjorden. Det har neppe vore meininga. Fylkesmannen gjer difor framlegg om eit nytt pkt V, 8 som gjer det lovleg å ferdast med båt frå ein kai og eit naust som ligg inneklemt av naturreservatet i høve til den ikkje verna delen av Vetlefjorden. Det nye punktet lyder: (Vernereglane i punkt IV er ikkje til hinder for)....

8. Ferdsl med (motor-)båt frå/til kai og naust som ligg på Ulvestad mellom grensepunkt 5 og 6 og ut i fjorden.

Ambulanshelikopter flyg lågare enn 300 m over bakken, og har lov til det.

Retningslinjer og tiltak

Det er eit mål å halde omfanget av motorferdsel lågt. Motorferdsel i samband med jordbruksnæring er tillate.

Grunneigar kan avtale på førehand med andre om å gjennomføre ærendet, og det skal i så tilfelle meldast til Fylkesmannen på førehand.

3.3. Inngrep

Det største inngrepet inne i naturreservatet er forbygginga av Storelvi. Det er også ei forbygging av Eikjaelvi. Det er sett opp fleire gjerde for at beiting og slått kan gjerast. Det er og fleire dreneringsgrøfter i grunnen.



På forbygginga til Vetlefjordelvi, over mot vestsida. Foto: Tom Dybwad

Det er eit mål at naturen i naturreservatet skal utvikle seg naturleg, og dermed at det ikkje skal skje fleire inngrep enn det som er naudsynt for at ønskjeleg aktivitet skal kunne gjennomførast.

Grunneigarane har teke opp at elva fører med seg masse og byggjer opp elveosen, noko som er ein naturleg prosess. Det er eit mål at elveosen skal utvikle seg naturleg. Dersom det skulle oppstå fare for skade på eigedomar og infrastruktur som følgje av dei naturlege prosessane, vil Fylkesmannen ta det opp med NVE som fagstyresmakt, for å vurdere om det må setjast i verk tiltak. Det er positivt at grunneigarane melder frå når dei legg merke til ting som skjer som bør undersøkjast nærare. Fisken som går opp i elva vert stort sett ikkje hindra av om det byggjer seg opp nye grunner i elva, då han vil finne stader å passere. I utgangspunktet vil uttak av sand og grus i deltaet vere i konflikt med verneformålet og verneverdiane i området, og dermed ikkje ønskjeleg.

Grunneigarane har reist spørsmål om det kan vere høve til å ta vassboren varme frå naturreservatet. Dei må då grave ei grøft, men den kan truleg gravast saman med andre eksisterande grøfter, og med ei lengde på kanskje 30meter. Dette er eit tiltak som vil krevje dispensasjon, og vurderinga vil vere avhengig av om det finst alternativ, omfang og om det vert nytta grøfter som finst. Det vil vere avgjerande at det ikkje skjer skade på verneverdiane.

Store steinar blei i si tid lagde ut på isen i samband med fiske for å feste snurpenota (på 1930-40-talet).

Inngrep utanfor naturreservatet:

Kring naturreservatet er det fleire store inngrep, ikkje minst dei offentlege vegane i området.

Utanfor naturreservatet ligg kaien på Ulvestad som er mykje i bruk, og ein kai og eit naust vert «sperra» av vernegrensa mellom grensepunkt 5 og 6 (sjå foto og kart under).



Flytebryggje og naust som er innesperra av grensa for naturreservatet. Grensepkt 6 er ytst på kaien med båten. Foto: Tom Dybwad



Detaljkart som syner at Ulvestad sitt naust og kai vert innesperra av gjeldande grense for naturreservatet mellom pkt. 5 og 6

Langeteig har fått løyve til å setje opp 2 naust i sørvest, rett utanfor grensa; her er klargjort med ei utfylling for nausta. Dei to nausttomtene er til erstatning for to tomter ved Eiken innafor naturreservatet, og ville i så fall hatt tilgang gjennom Eikeelva, men dei låg for rasfarleg til.

Det kan bli søkt om kraftutbygging i Eikeelva, ovafor naturreservatet. I tilfelle vil det vere eit elvekraftverk som ikkje vil endre vassføringa innafor naturreservatet.

Utkikkstårn ved Nasjonal Turistveg var oppe til diskusjon då turistvegen over Gaularfjellet vart landsert, men vart skrinlagt.

Retningslinjer og tiltak

Naturen skal utvikle seg naturleg i naturreservatet. Inngrep bør avgrensast til det som er strengt naudsynt for å ivareta kvalitetane i dag, først og fremst for fuglelivet og elvedeltaet. Dersom det gjennom naturleg utvikling og naturskade oppstår problem for grunneigarane sin bruk, skal det gjerast ei vurdering av (kva for) tiltak som er naudsynte, og korleis ein kan redusere uheldige konsekvensar for grunneigarane utan at tiltak kjem i strid med vernet.

3.4. Ferdsel (ikkje motorisert)

Det er lite ferdsel i naturreservatet, og det er ikkje tilrettelagt for ferdsel fordi området ikkje er eigna for det, både m.o.t. fuglelivet og beitinga. Ferdsla som skjer gjeld stort sett tilsyn og stell av beitedyr og i samband med fiske. Grunneigarane opplyser at det er ein del turistar som løyser fiskekort.

Det største problemet med ferdsel har vore at fuglar blir skremde av hundar, når folk har kome, særleg dersom dei slepp hunden laus. Hundar skal haldast i band etter verneforskrifta §. IV,2.

Ferdselsforbodet gjeld i tida 1. april til og med 1. august, både til fots og med båt (med og utan motor) med unntak ved fiske. Grunneigarane har lov til å ferdast når dei har ærend. Folk som har lov til å fiske (løyst fiskekort i fiskesesongen) har lov til å ferdast også i juli månad når det er ferdselsforbod. Elles har folk flest ikkje lov til å ferdast i perioden 1. april - 1. august. Det er i juli månad det kan vere konflikt mellom ferdsel og omsynet til fuglelivet, sidan det er lov å fiske i elva frå 1. juli av.

Det vil bli lagt til rette for ei lita informasjonstavle ved Fv 5 Nasjonal turistveg vest i naturreservatet, ved fjorden så vidt innafor vernegrensa.

For bruk av kai og naust som ligg «sperra» av naturreservatet, vil Fylkesmannen i samband med høyringa av forvaltningsplanen også sende på høyring ei mindre forskriftsendring som vil gjere ferdsel lovleg (sjå brevet som følgjer framlegget til forvaltningsplan og verneforskrift vedlagt forvaltningsplanen).

Retningslinjer og tiltak

Det skal ikkje leggjast til rette for ferdsel inne i naturreservatet.

Ferdsel under utøving av fiske som er tillate etter gjeldande lovverk er tillate, også i perioden då det er ferdselsforbod frå (1. juli t.o.m. 1. august).

Ei infotavle vil bli sett opp ved ei lita avkøyrse for Fv 5 vest i naturreservatet, og denne vil m.a. opplyse om ferdselsforbodet.

Det skal gjennomførast ei forskriftsendring om ferdsel til kai og naust ved Ulvestad.

3.5. Jakt og fiske

Alt vilt (også sjøpattedyr) med hi, reir og egg er freda mot alle former for skade, øydelegging og uturvande utroing. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Fiske etter gjeldande lovverk er likevel tillate. Fiske i elvene er etter lov om lakse- og innlandsfiske berre tillate i tida 1. juli til og med 31. august. Det er i denne perioden også lov å fiske etter laks og sjøaure i 100-meterssona og i den utvida munningssona som strekker seg fleire hundre meter sør for naturreservatet. Dette inneber at det er tillate å ferdast i naturreservatet dersom ein fiskar, også i tida med ferdselsforbod, dvs. 1. juli t.o.m. 1. august.

Det er forbod mot jakt i området. Søknader om løyve til å felle vilt må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova (generell unntaksparagraf). Ein kan ikkje rekne med å få løyve med mindre det både gjeld urimeleg stor skade og felling ikkje går nemneverdig utover verneverdiane. Ein kan difor ikkje rekne med å få løyve til å felle dyr. Unntaket er at det kan likevel bli aktuelt å gi løyve til felling av mink i området fordi mink både tek mykje fugl, særleg egg og ungar på reir, og fordi det er ein framand art.

Retningslinjer og tiltak

Statens naturoppsyn vil gjennomføre kontroll av ferdsel som skjer i samband med fiske i tida med ferdselsforbod.

3.6. Informasjon

Med unntak av eit skilt om naturreservat og ferdselsforbod, er det ikkje informasjon i området i dag.



Skilt om naturreservat og ferdselsforbod ved Eiken. Foto: Tom Dybwad

Ein viktig grunn til at det er lite informasjon om naturreservatet, er at det ikkje eignar seg godt for ferdsel. Samstundes er det ønskeleg at naturverdiane i området er kjende både for lokalfolk og tilreisande.

Etter synfaring i området er Fylkesmannen i lag med grunneigar kom til at ei lita utkøyrsl like ved Fv5 der vegvesenet sitt skilt med Vetlefjorden står, kan vere eigna, dersom ikkje Statens vegvesen har innvendingar. Her kan det stå inntil 2 bilar, og folk står såpass langt frå fuglelivet at det vil bli i uroa i liten grad. Ei informasjonstavle bør ikkje vere så dominerande at utkøyrsla vert for liten.

Aktuell stad kan sjåast på foto under:



Plass for utkøyrse der det kan plasserast infotavle om naturreservatet. Vetlefjordøyri i bakgrunnen. Foto: Tom Dybwad

Aktuell tavle er av utsjånad som tavla under eller som etter Nasjonal turistveg sin mål for Gaularfjellet.



Informasjonstavle for Bleia naturreservat. Ei tavle med same form og storleik er aktuell for Vetlefjordsøyra naturreservat. Foto: Rein Arne Golf



Statens vegvesen si infotavle for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet (ved Hestad kapell). Foto: Tom Dybwad

Det er ikkje gode parkeringstilhøve kring naturreservatet utanom ved kaien søraust for området. Det er ikkje ønskeleg med fleire P-plassar kring naturreservatet. Området aust for elva er lite aktuelt fordi det er liten plass her, og mykje trafikk kan vere til ulempe for grunneigarane, m.a. deira bruk av kaien i området.

Retningslinjer og tiltak

Ei mindre informasjonstavle vil bli sett opp ved ei lita avkøyring med mindre Statens vegvesen har innvendingar. Fylkesmannen og Statens naturoppsyn vil utarbeide informasjonsplakaten, og SNO vil setje ho opp i samarbeid med grunneigar (27/1).

3.7. Søppel og avfall

Det er ein del søppel i grensa til naturreservatet, spesielt aust for elva, både i og rett ved vernegrensa. Døme er betongelement til?og diverse metallplater. Det er eit mål at det ikkje skal finnast søppel i naturreservatet. Statens naturoppsyn vil gå over området årleg, og sjå til at rydding blir gjort i samarbeid med Balestrand kommune og grunneigarane. Det beste er om dei som står for forsøpling ryddar opp sjølve. Grove tilfelle vil bli politimelde.

Søppel som låg i og like utanfor naturreservatet på synfaring 31. mars 2014, er fjerna av Balestrand kommune.

Retningslinjer og tiltak

Det skal ikkje vere forsøpling og avfall i naturreservatet. Statens naturoppsyn vil årleg gå over naturreservatet og ta grep for å rydde opp, i samarbeid med grunneigarar og Balestrand kommune.

4. Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden som ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Føremålet med bevaringsmåla er å kunne overvake utviklinga, og måle tilstanden for nokon av naturkvalitetane som er viktige for verneformålet.

I forvaltningsplanen er det definert tre konkrete bevaringsmål (tabell 3). Bevaringsmålet som gjeld innslaget av framande artar er fastsett fordi framande artar truar vegetasjonen og fuglelivet i verneområdet. Det er difor naudsynt å overvake om det finst slike artar. Det er også definert eit bevaringsmål for fuglelivet som er den viktigaste årsaken til vern av Vetlefjordsøyra.

Målet er at alle tilstandsvariablane som det er fastsett bevaringsmål for, skal vere i tilstandsklasse «god». Der tilstandsklassen er «moderat» eller «dårleg» må det setjast i gang relevante tiltak for å betre tilstanden.

Overvaking og oppfølging av bevaringsmål vil saman med oppsyn vere sentrale reiskapar i oppgåva med å halde oversikt over naturtilstanden i naturreservatet. Ei regelmessig overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og eventuelt behov for tiltak.

Bevaringsmåla skal følgjast opp med regelmessig overvaking etter standardisert metode. Fylkesmannen har hovudansvaret for overvaking av bevaringsmåla i verneområdet, men det er SNO som vil stå for den praktiske gjennomføringa. Utvikling og tilstand til bevaringsmåla skal evaluerast av Fylkesmannen og tiltak setjast inn om nødvendig.

Tabell 3. Bevaringsmål for Vettefjordsøyra naturreservat. Overvakinga er planlagt starta opp i 2015 og skal gjennomførast kvart år.

*Artar og tal våtmarksfugl observerte på standardiserte teljingar utførte av Fylkesmannen vår og haust 2015. **Første registrering som blir gjennomført i samband med oppfølginga av bevaringsmåla. **Tilstandsklassar**

Bevaringsmål-objekt	Bevaringsmål	Tilstandsvariabel	Overvakings-metode	God	Moderat	Dårleg
Heile verneområdet	Ta vare verneområdet sin verdi som trekklokalitet for våtmarksfugl	Tal trekkande våtmarksfugl (vår og haust)	Teljing til faste tider	Tal våtmarksfugl har auka med meir enn 25 % ift. referansenivå*	Tal våtmarksfugl er om lag ved referansenivå*	Tal våtmarksfugl er redusert med meir enn 25 % ift. referansenivå*
Heile verneområdet	Ta vare på verneområdet sin verdi som hekkelokalitet	Tal hekkande (våtmarks-)fugl (sommar)	Teljing til faste tider	Tal hekkande (våtmarks-)fugl har auka med meir enn 25% ift referansenivå**	Tal fuglar er om lag som ved referansenivå**	Tal fuglar er redusert med meir enn 25% ift referansenivå
Heile verneområdet	Verneområdet skal heldast fritt for framande, svartelista dyr og plantar	Førekost av dei framande artane kjempespringfrø, kjempeslirekne, parkslirekne, sitkagran, platanlønn og mink	Strukturert synfaring (plantar), og observasjonar i samband med oppsyn og synfaringar (mink)	Ingen førekomstar av dei nemnde artane	Mink påvist utanom hekketida inntil tre gonger og/eller berre utplanta framande plantar påviste	Mink påvist i hekketida og/eller fleire enn tre gonger utanom hekketida og/eller frøspredde førekomstar av framande planteartar påviste


5. Forvaltning og oppsyn

5.1. Forvaltning

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for Vetlefjordsøyra naturreservat, og skal godkjenne forvaltningsplanen for området.

5.2. Oppsyn

Statens naturoppsyn har ansvar for oppsyn i Vetlefjordsøyra naturreservat. Statens naturoppsyn (SNO) skal føre kontroll med at verneforskrift og eventuelle vilkår i dispensasjonsvedtak blir overholdne. I tillegg skal SNO kunne følge med på utviklinga i verneområdet, både når det gjeld naturtilstanden og bruken av området. SNO kan gjere fugleteljing i verneområdet til faste tider kvart år.



Statens naturoppsyn sin logo

SNO blei oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.06.96 og skal ivareta nasjonale miljøvernoppgåver og førebyggje miljøkriminalitet. Lov om statlig naturoppsyn heimlar naturoppsyn innanfor følgjande særlover: Naturmangfaldlova, friluftsløva, lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfisklova og delar av ureiningslova.

Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med besøksadresse Brattørkaia 15, 7010 Trondheim, og telefonnummer 73 58 05 00. SNO har over 60 lokalkontor spreidde over heile landet. Det er lokalkontoret i Fjærland, ved Anne Rudsengen, som har Vetlefjordsøyra naturreservat som ansvarsområde. Adressa er SNO Sogndal, Norsk Bremuseum, 6848 Fjærland, e-postadressa er anne.rudsengen@miljodir.no og telefonnummeret 95 96 38 88.

5.3. Behov for framtidige undersøkingar

Fylkesmannen ser det som viktig med meir kunnskap om artsmangfaldet i naturreservatet, særleg fuglelivet og vegetasjonen/plantelivet. Med oppfølging av bevaringsmåla i denne forvaltningsplane vil vi få meir systematiske registreringar av fuglelivet i reservatet og dermed kunne følge med på eventuelle bestandsendringar og effektar, både dei som skuldast naturprosessar i deltaet, bruk og

skjøtsel, og påverknader utanfrå. Det vil også vere interessant å overvake vegetasjonen og sjølve deltaet. Det gjeld både å halde området fritt for svartelista (uønskte) artar, og utviklinga av vegetasjonen i deltaet, med skilnader mellom beita og ikkje beita område. Med det vil ein få betre kunnskap om effektane av skjøtsel og behov for skjøtsel i framtida.

På lengre sikt vil det vere interessant korleis heile deltaet endrar seg over tid, både endringar i elveløpa og korleis deltaet byggjer seg ut i fjorden. Då vil ein truleg også betre kunne sjå om deltaet faktisk utviklar så nær det naturlege om ein til no har rekna med, eller om vassdragsregulering og ulike fysiske inngrep til saman har større innverknad på utviklinga enn vi er klar over. Flyfoto som rutinemessig vert tekne med nokre år i mellom vil truleg vere gode hjelpemiddel i slike langtidsstudiar. I tillegg til å kaste lys over dannelseshistorikk, vil det kunne gje verdifulle haldepunkt for framtidig forvaltning og overvaking.

6. Sakshandsaming

6.1. Verneforskrifta

I verneforskrifta pkt. IV er det lista opp kva tiltak og aktivitetar som i utgangspunktet er forbodne innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta pkt. V. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta og naturmangfaldlova for å gjennomføre tiltak og aktivitetar i Vetlefjordøyri naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

Spesifisert dispensasjonsheimel

Den spesifiserte dispensasjonsheimelen gjeld verneforskrifta del VI der det er lista opp tiltak som forvaltningsstyresmakta *kan* vurdere å gje løyve til (sitat frå verneforskrifta):

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- 1. Felling av vilt som gjer vesentleg skade.*
- 2. Tradisjonell slått og beite.*
- 3. Opparbeiding av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.*
- 4. Rensing av elveløp og kilar.*
- 5. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.*
- 6. Legging av leidningar for kloakk- og vatningsanlegg, oppføring av gjerde m.v.*
- 7. Rydding av vegetasjon m.v. i medhald av godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredinga tilseier det.*

Under arbeidet med verneplanen for Vetlefjordsøyra naturreservat vart desse tiltaka vurderte som at dei kunne vere aktuelle i gi dispensasjon for i framtida, og det er difor dei er komne med. Ved eventuell søknad skal behovet vurderast opp mot verneverdiane og verneformålet. Det er såleis ikkje slik at dei uansett vil kunne få løyve, og ein søknad må vurderast konkret for kvar sak.

Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 er avløyst av "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle

dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter (for Vetleljordsøyra naturreservat del VIII). Dette inneber at søknaden om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (del VIII), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. For ordens skuld: den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (del VI) gjeld derimot framleis.



Det kan vere aktuelt med synfaring ved handsaming av saker, som ved forvaltningsplanen. Foto: Tom Dybwad

Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak):

“Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.”

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket *“ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig”* inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i første rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroing som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggjast stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket *“ikke strider mot vernevedtakets formål”*. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsetjingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det skal leggjast vekt på at verneformålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneformålet i sum.

Dispensasjon av omsyn til *“vesentlige samfunnsinteresser”* i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarende dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde forhold føreligg, jf. omgrepet *“vesentleg”*, og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med ei formell høyring) gjerne er eit betre alternativ.

Dispensasjon når *“sikkerhetshensyn gjør det nødvendig”* er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i våtmarksreservata i Sogn og Fjordane.

Formuleringa om dispensasjon for *“vitskaplege granskingar”* i verneforskrifta del VIII er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som *“ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig”* i § 48. Dette gjeld då i første rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Nyttan av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulempene forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å verte lagd til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

6.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast (som brev eller e-post) til forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta (del VI) eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader i tillegg til utgreiing av tiltaket skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. I røynda er det i mange tilfelle forvaltningsstyresmakta sjølv (her Fylkesmannen) som er best i stand til å vurdere dette, og ein kan ikkje forvente at enkeltpersonar har god nok kompetanse til å gjere ei slik vurdering. Tiltakshavaren si plikt 34 må då vere å gjere best mogleg greie for kva tiltaket går ut på, i form av tekniske løysingar, trasear, praktisk gjennomføring m.m., og ulike alternativ som kan tenkjast for å oppnå formålet med tiltaket. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadene som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggjast stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservatet blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknadar. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket

skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv syte for å avklare tiltaket etter anna lovverk med eventuelle andre styresmakter og grunneigarar. Dette gjeld t.d. ved motorferdsel, der ein må søkje kommunen om løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje, vert saka send vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Når det kjem fram ny kunnskap, t.d. gjennom kartlegging av kulturminne og naturverdiar, er det naudsynt å ta omsyn til dette i vidare forvaltning som ved dispensasjonssøknader. Ny kunnskap må også innarbeidast i forvaltningsplanen når denne vert revidert.

7. Litteraturliste/referansar:

Artskart. 2014. <http://artskart.artsdatabanken.no> Lest 11.4.2014.

Evensen, A. 1973. Rapport om strandengvegetasjonen i Vetlefjorden (4 s.).

Fremstad, E., Moe, B. 1982. Botanisk undersøkelse i Vetlefjordsvassdraget (ikkje tilgjengeleg pr.d.d.)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Utkast til verneplan for våtmark i Sogn og Fjordane fylke. 1985

Gederaas, L., Moen, T. L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.). 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken Miljødirektoratet. Elvedeltabasen, Vetlefjordøyri (<http://elvedelta.miljodirektoratet.no/delta-85.htm>). 2014

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget.

Vedlegg 1

Forskrift om fredning av Vetlefjordsøyra naturreservat, Balestrand kommune, Sogn og Fjordane.

Fastset ved kgl.res. 20. desember 1991. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og § 21, § 22 og § 23, er eit våtmarksområde ved Vetlefjorden i Balestrand kommune, Sogn og Fjordane fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 20. desember 1991 under namnet Vetlefjordsøyra naturreservat.

II

Det freda området omfattar følgjande gnr./bnr.: 27/1, 33/1, sameige.

Reservatet dekker eit areal på omlag 172 da, av dette er omlag 57 da landareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet desember 1991. Kartet og verneforskrifta er arkiverte i Balestrand kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til deltaområdet som naturtype (geomorfologisk og med rikt utvikla strandeng) og området sin verdi for våtmarksfugl i trekktida.

IV

For reservatet gjeld følgjande vernereglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Alt vilt (også sjøpattedyr), hi, reir og egg er freda mot alle former for skade, øydelegging og uturvande uroing. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsetting av vilt er ulovleg.
3. Det må ikkje iverksettast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetjing av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Camping, telting og oppsetting av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.
5. Motorferdsel på vatn og land, og lågtflyging under 300 m over reservatet, er forbode. Dette gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Bruk av seglbrett er forbode.
6. All ferdsel er forbode i reservatet i tida f.o.m. 1. april t.o.m. 1. august.

V

Vernereglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-,ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsels- og forvaltningssamanheng.
2. Vedlikehald av eksisterande vegar og gjerde.

3. Jordbruksdrift på eksisterende fulldyrka jord (jfr. økonomisk kart A5 077-5-1 etter fotogram år 1972) medrekna pløying og bruk av kunstgjødsel.
4. Vedlikehold av eksisterende grøfter som drenerer tilgrensande jordbruksareal, i samråd med forvaltningsstyresmakta.
5. Motorferdsel på private og offentlege vegar. Motorferdsel på land i samband med næringsverksemd.
6. Ferdsel ved grunneigarar i samband med næringsverksemd.
7. Fiske og bruk av motorbåt i samband med dette.

NB! Framlegg til endringar i verneforskrifta i samband med arbeidet med forvaltningsplanen, jf utsendingsbrev til framlegget til forvaltningsplan (endringar i gult):

7. Fiske og bruk av motorbåt i samband med fiske etter gjeldande lovverk.

8. Ferdsel med (motor-)båt frå/til kai og naust som ligg på Ulvestad mellom grensepunkt 5 og 6 og ut i fjorden.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som gjer vesentleg skade.
2. Tradisjonell slått og beite.
3. Opparbeiding av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
4. Rensing av elveløp og kilar.
5. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
6. Legging av leidningar for kloakk- og vatningsanlegg, oppføring av gjerde m.v.
7. Rydding av vegetasjon m.v. i medhald av godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredinga tilseier det.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev løyve, kan gjennomføre forvaltningstiltak i samsvar med føremålet med fredinga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av forvaltningstiltaka.

VIII (erstatta av § 48 i naturmangfaldlova)

(Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med fredinga krev det, og for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i andre særlege tilfelle, når dette ikkje strid mot føremålet med fredinga.)

§ 48 i naturmangfaldlova:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise

hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

IX


Forvaltninga av verneforskrifta er lagt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

X

Forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2

Kart over Vetlefjordsøyra naturreservat til kgl. res. 20.12.1991



Vedlegg 3

Fugleregistreringar på 1980-talet og seinare

(dei 37 første (t.o.m. sivsporv) registrerte av Gunnar Godø) og 13 andre artar som er registrerte seinare)

Vetle fjordsøyra naturreservat - registrerte artar av våtmarksfugl

H = Hekking er påvist innanfor området

R = Området blir nytta som raste-/beitelokalitet

T = Arten er påvist under vår- og/eller hausttrekket

O = Området blir nytta som overvintringsbiotop

Art	Funksjon			
	Hekking	Rast/beite	Trekk	Overvintring
Gråhegre			X	
Grågås			X	
Sædgås			X	
Gravand			X	
Stokkand	X		X	
Krikkand	X		X	
Brunnakke			X	
Taffeland			X	
Toppand			X	
Bergand			X	
Ærfugl	X		X	
Sjørørre			X	
Kvinand			X	X
Siland	X			
Laksand			X	
Sothøne			X	
Tjeld	X		X	
Heilo			X	
Vipe	X		X	
Fjøreplytt			X	
Brushane			X	
Raudstilk	X		X	
Grønstilk			X	
Strandsnipe	X			
Storspove	X		X	
Småspove			X	
Rugde	X			
Enkeltbekkasin	X			
Hettemåse	X			
Sildemåse		X		
Gråmåse		X		

Svartbak		X	
Fiskemåse		X	
Makrellterne	X		
Linerle	X		
Fossekall	X		
Sivsporv	X		X

Låvesvale			X
Kråke			X
Jernsporv			X
Gråtrast			X
Heipiplerke			X
Buskskvett			X
Måltrast			X
Gransongar			X
Kanadagås			X
Stær			X
Sandsvale			X
Svartkvit flugesnappar			X
Lauvsongar			X
Kongeørn	X		

I alt pr. 2013 er det registrert 50 fugleartar i Vetlefjordsøyra naturreservat